
Saksnr: 2020/47016-5
Saksbehandlar: Svein Hågård
Dato: 19.04.2021

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Rettstvistar i Vestland fylkeskommune per april 2021

Fylkesrådmannen skal leggje fram halvårlege statusrapportar om rettstvistar for kontrollutvalet. Her er oversikta per medio april 2021:

Eigedom

#	Partar	Domstol	Sak	Tvistegenstand	Status
1	Vestland fylkeskommune – Tide ASA AVSLUTTA	Bergen forliksråd	Tvist om dekning av krav frå tredjemenn etter forureiningshending på eit bussanlegg drifta av Tide og eigd av VLFK	Truleg NOK 3-4 millionar	Forlik inngått 24. august 2020. Fylkeskommunen mottok kr 1.025.500 som endeleg oppgjær.
2	Osterøykroa m.fl. – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Bergen tingrett	Tvist om erstatningskrav frå Osterøykroa med fleire etter forureiningshending på eit bussanlegg som er drifta av Tide og eigd av VLFK	Osterøykroa har fremsett krav på ca. NOK 1,6 millionar	Saka er løyst minneleg etter rettsmekling 20. april 2020. Som forlik betalar fylkeskommunen kr 425.000.-

3	Vestland Fylkeskommune – Aurland kommune	Sogn- og Fjordane tingrett	Skjøn – fastsetjing av vederlag for avståing av areal til ny barnehage i Aurland.	Verdsetjing av fast eigedom. Fylkeskommunen sitt standpunkt inneber at verdien av arealet er om lag kr 1 800 000, medan kommunen sitt standpunkt er at verdien utgjer rundt kr 180 000.	Skjønsforhandling gjennomført 8. april 2021. Skjønet er venta å bli avheimla i mai 2021.
---	---	-------------------------------	---	--	---

Samferdsel

	Partar	Domstol	Sak	Tvistegenstand	Status
4	BMO Elektro AS – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Gjeld sluttoppgjer etter utført entreprise (oppgradering av Hagaås- og Liarostunnelane på Fv 7 i Samnanger)	Kravet fra BMO Elektro AS utgjer kr 14.315.954 + mva.	Resultatlaus rettsmekling i februar, men partane har halde fram samtalar. Kom til semje om forliksløysing 23. mars. Fylkeskommunen betalar kr 7 mill + mva som fullt og endeleg oppgjer.
	Avslutta				
5	HGT AS – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Gjeld sluttoppgjer etter utført vegentreprise på Askøy (Fv 212)	Kravet frå HGT AS utgjer kr 2.494.700 + mva	HGT tok ut stemning for Bergen tingrett i mars 2020. Hovudforhandling beramma til 22. juni 2021.
6	Bertelsen & Garpestad AS – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Krav om skadebot for positiv kontraktsinteresse etter avlysing av anbodskonkurranse. Gjeld tunnelentreprise Årdal (tre tunnelar).	Søksmål innleia i desember 2020. Påstand om skadebot på 22 MNOK + renter og sakskostnader	Saka beramma til 1 - 4. november 2021
7	Bulken Maskin AS – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Vestland fylkeskommune er saksøkt saman med staten i sak som gjeld ramme-avtale for vedlikehald og mindre anleggsarbeid for riks- og fylkesveggar i Voss, Ulvik, Vaksdal, Modalen, Kvam og Samnanger kommunar	Kravet utgjer ca kr 8 mill. Fylkeskommunen sin del av tvistesummen utgjer ca 90%	Resultatlaus rettsmekling i juni 2020. Hovudforhandling beramma til 16. august 2021

8	<p>Vetrlidsalmenning 1 AS – Vestland fylkeskommune</p> <p>AVSLUTTA</p>	<p>Bergen tingrett</p>	<p>Vetrlidsalmenning 1 AS har fremja krav om erstatning for påståtte setningskadar oppstått på eigedom etter vegarbeid på fylkeskommunal veg</p>	<p>Erstatningskravet er beløpsfesta til ca. kr 7,4 mill.</p>	<p>Forlik inngått 9. april 2021. Fylkeskommunen utbetalte kr 2,5 mill som endeleg oppgjør av både dette og kravet nemnd under frå Gjensidige Forsikring.</p>
	<p>Gjensidige Forsikring – Vestland fylkeskommune</p> <p>AVSLUTTA</p>	<p>Bergen tingrett</p>	<p>Regresskrav for kostnader som Gjensidige har dekt til utbetring av eigedom i Vetrlidsalmenning 1. Saka må sjåast i samanheng med ovannemnde sak mellom fylkeskommunen og Vetrlidsalmenning 1 AS</p>	<p>Regresskravet fremja i søksmål reist for Bergen tingrett 7.12.2020. Påstand om betaling av kr 1.711.338 med tillegg av forsinkingsrente frå 16. august 2019.</p>	<p>Forlik inngått 9. april 2021. Fylkeskommunen utbetalte kr 2,5 mill som endeleg oppgjør av både dette og ovannemnde krav frå Vetrlidsalmenning 1 AS</p>
9	<p>Kjell Magne Thomsen – Vestland fylkeskommune</p> <p>AVSLUTTA</p>	<p>Bergen tingrett</p>	<p>Thomsen har fremja krav om erstatning for påståtte skadar på eigedom etter arbeid på fylkeskommunal veg (Fylkesveg 212 Slettebrekka i Askøy kommune).</p>	<p>Erstatning er kravd etter rettens skjøn, men oppad avgrensa til kr 1,8 mill</p>	<p>Saka løyst ved rettsmekling. Fylkeskommunen utbetalte tilsaman kr 525.000,-. I tillegg kjem einskilte utbetringstiltak på saksøkjær sin eigedom.</p>
10	<p>VE Anlegg AS – Vestland fylkeskommune</p> <p>AVSLUTTA</p>	<p>Sunnhordland tingrett</p>	<p>Gjeld sluttoppgjør etter utført vegentreprise i Fitjar (Fv 545)</p>	<p>Kravet frå VE Anlegg AS utgjør kr 9 577 267 + mva, renter og sakskostnader.</p>	<p>Saka løyst ved rettsmekling i Sunnhordland tingrett 21. desember 2020. Fylkeskommunen utbetalte kr 3,7 mill som fullt og endeleg oppgjør av alle omtvista krav.</p>

11	Pål Sverre Moe – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Nesodden forliksråd	Krav om skadebot for rettsstridig felling av tre på annen mann sin eigedom (utført av Presis Vegdrift AS som ledd i vedlikehaldsavtale for fylkesvegar i Sogn og Fjordane (Vik kommune))	Krav på tilbakeføring av tre, samt skadebot på ca 260.000	Forlik inngått ved at fylkeskommunen og Presis Vegdrift kvar innbetalte kr 40.000 som fullt og endeleg oppgjær.
----	--	------------------------	---	--	---

Bybanen utbygging

	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
12	Implenia Norge AS – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Gjeld krav om erstatning. Påstand om feil ved tildeling av tunnelentreprise (Løvsstakken) i byggetrinn 4	Krav om erstatning for positiv kontraktsinteresse på kr 73.694.782,-	Fylkeskommunen frifunnen ved dom av 15.04.21. Ankefristen utgår medio mai.
13	Tor Kleivane – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Krav om tilbakesetjing av privat eigedom på Skjold etter bygging av byggetrinn 2 av Bybanen.	Krav om oppføring av natursteinmur samt planering av tomt m.v. (tilbakesetting i samsvar med avtale). Usemje knytt til omfanget av pliktene til Bybanen Utbygging	Retten har beramma rettsmekling til 11. mai 2021 og hovudforhandling til september 2021

HR

	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
14	NN – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Bergen tingrett	NN har saksøkt VLFK med påstand om at rettsforliket han inngjekk 23. januar 2015 er ugyldig	Krav om at rettsforlik skal kjennast ugyldig	Saka er rettskraftig avvist. Saka er no forlikt ved at fylkeskommunen har betalt NN ein samla kompensasjon på kr 250 000 og utferda ei orsaking til han.
15	NN – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Sogn og Fjordane tingrett	NN saksøkte VLFK med påstand om ugyldig oppseiing av arbeidsforholdet ved X vgs. og krav om erstatning	Krav om ugyldig oppseiing og erstatning utmålt etter retten sitt skjøn.	Forlik inngått 18. januar 2021 ved at NN har gått over i anna stilling i fylkeskommunen og VLFK har dekkja sakskostnader på inntil kr 75 000.

Opplæring

Partar	Domstol	Sak	Tvistegenstand	Status	
16	NN -Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Bergen tingrett	Erstatningskrav som følge av påstått aktløys rettleiing frå X vidaregåande skule.	Tvistesum kr 650.000	Forlik inngått 9. desember 2020. Fylkeskommunen betalte kr 215 000 som fullt og endeleg oppgjør. Det vart inngått særskild avtale med Codan forsikring om dekning av inntil kr 50 000 av det nemnde beløpet.
17	Os Hageservice AS m.fl - Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Erstatning for tap oppstått etter at vedtak om praktisk prøve (eksamen) i anleggsgartnerfaget vart kjent ugyldig pga. ugild sensor	Økonomisk krav utgjør kr 2.600.000,-	Stemming av 15. mars 2021. Tilsvar førebels ikkje sent.

Pengekrav

Partar	Domstol	Sak	Tvistegenstand	Status	
18	Bergen 2017 AS sitt konkursbu – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Borgarting lagmannsrett	Ankande part gjorde gjeldande at fylkeskommunen hadde bunde sin bevilgningskompetanse tilknytt «usikkerhetsavsetning» på 5,2 mill. kr.	Kr 5 200 000	Fylkeskommunen frifunnen ved lagmannsretten sin dom av 15. desember 2020. Dommen er rettskraftig.